



Norrdal kommune

6210 VALLDAL

ØRSKOG, 28.10.2016

Budsjettframlegg 2017 frå Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Driftstilskot:

Storfjorden kyrkjelege fellesråd legg fram eit budsjettforslag for 2017 der Norrdal sin del er rekna til **kr. 1.630.000** til saman 100.000,- auke i høve til 2016.

Fellesrådet har hatt ei kraftig nedskjering frå Norrdal kommune dei siste åra. Fellesrådet ber om at ramma blir noko oppjustert igjen for 2017.

Investeringar:

1. Rullestolrampe i Norrdal kyrkje

kr. 250.000

Det er avsett kr. 110.000 i investeringsbudsjettet for 2016 og vi ber om at dette blir vidareført til 2017, som del av beløpet på kr 250.000. Det er innhenta anbod som er langt dyrare enn antatt. For å klare å få til ei rullestolrampe må terrenget framfor kyrkja omarbeidast. Dette fører til ei dyrare løysing enn først antatt.

2. Oppgradering av ringeanlegg i Sylte kyrkje

kr. 40.000

Ringeanlegget i Sylte kyrkje bør oppgraderast. Fjernkontroll er skifta ut som strakstiltak, men heile anlegget bør oppgraderast.

Kommentarar til driftsbudsjettet:

Budsjettframlegget frå Storfjorden kyrkjelege fellesråd legg til grunn at kommunane har ansvar for utgifter etter Kyrkelova § 15 som seier kva som er kommunen sitt ansvar i høve til kyrkja. Det skal mellom anna vere bemanning til å gjennomføre gudstenester og kyrkjelege handlingar,

For Norrdal sin del er det **2,4 årsverk** som er heimla i Kyrkelova § 15

Storfjorden kyrkjelege fellesråd ser den store verdien i å ha ein ungdoms- og diakoniarbeidar i Norrdal og vil saman med soknerådet gjere det ein kan for å oppretthalde denne stillinga.

Det har dei siste åra vore gjort endringar som gjer dette mogleg. Det er frivillige medarbeidarar som gjer klokkartenesta og andre praktiske oppgåver knytt til gudstenester slik at lønsmidlar til dette går inn i ovannemnde stilling. Vidare har andre tilsette knytt til Norrdal i større grad enn før brukt arbeidstid i andre sokn/kommunar. Soknerådet har i tillegg ein del innsamla midlar som går

inn i denne stillinga. Dette er likevel ikkje nok, og fellesrådet vil derfor be kommunen om ei auke i driftstilskotet.

Det er viktig å merke seg at det er to kyrkjer og to kyrkjegardar som skal driftast i denne kommunen. Det gir større kostnader enn om det hadde vore berre ei kyrkje, som mange av dei andre kommunane har. Det blir såleis feil å bruke tilskot pr. innbyggjar som grunnlag for samanlikning med kommunar som har ei kyrkje og ein kyrkjegard.

Storfjorden kyrkjelege fellesråd fremjar eit svært nøkternt budsjett for 2017. Med ei så forsiktig justering på det kommunale rammetilskotet har Storfjorden kyrkjelege fellesråd ikkje særleg rom for naudsynnte drifts- og vedlikehaldstiltak på kyrkjene.

Vedlegg:

Samla budsjett 2017- Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Investeringsbudsjett 2017

Økonomiplan 2017-2020

Med venleg helsing

Petra Riste Synnes

Petra Riste Synnes

kyrkjeverje

TIL NORDDAL KOMMUNE

ØKONOMIPLAN 2017 – 2020

NYE INVESTERINGSTILTAK / STØRRE VEDLIKEHALD

	2017	2018	2019	2020
Rullestolrampe Norddal	250 000			
Ringeanlegg oppgr	40 000			
Endring orgel Sylte		140 000		
Lagerbygg Sylte/				
Utviding kyrkjegard		500 000?		
Brannsikring		900 000	900 000	
Traktor kyrkjegard			200 000	
SUM	290 000	1 540 000	1 100 000	

NYE DRIFTSTILTAK / BEHOV FOR AUKA DRIFTSTILSKOT

	2017	2018	2019	2020
Auka driftsmidlar	100 000	100 000	100 000	100 000
SUM auka drift	100 000	100 000	100 000	100 000

Kommentarar:

Rullestolrampe i Norddal kyrkje er naudsynt. For å få dette til må terrenget framfor kyrkja hevast. Dette er sett av midlar til i 2016, men dette viser seg å vere for lavt i høve til mottekne anbod .

Ringeanlegget i Sylte kyrkje bør oppgraderast. Fjernkontroll er skifta ut som straktiltak, men heile anlegget bør skiftast snarast råd.

I reguleringsplanen er det sett av eit område til ekstern gravplass i Valldal. Fellesrådet vil likevel be om at kommunen vurderer utviding av eksisterande kyrkjegard i staden og at eit lagerbygg kan sjåast på i samanheng med dette. Brannsikring av begge kyrkjene er sett opp i 2018 og 2019. Det er også ønskjeleg at det blir kjøpt inn ein mindre traktor til bruk på kyrkjegardane.

Vi ber også generelt om at lønsauke blir kompensert årleg, og at kommunen ser verdien av stillinga som ungdoms- og diakoniarbeidar og kan gi eit auka lønstilskot i åra som kjem.

Ørskog 28.09.2016

Petra Riste Synnes

Petra Riste Synnes
kyrkjeverje

Magne Eivind Glomnes

Magne Eivind Glomnes
rådgjevar

